Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Vår dato:	Vår ref:
16.08.2024	2024/6692
Dykkar dato:	**Dykkar ref:**
07.06.2024	642967-01

ASPLAN VIAK AS
Postboks 24
1301 SANDVIKA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Olav Malkomsen, 33372349

Fråsegn - varsel om nasjonale interesser - oppstart planarbeid - offentleg ettersyn planprogram - Hjartdal 79/9 m.fl. - detaljregulering for Ørvella industriområde sør - planID 402420240001

Vi viser til oversending frå Asplan Viak AS datert 07.06.2024 med høyringsfrist 16.08.2024.

Saka gjeld
Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for Ørvella industriområde sør, planID 402420240001, i Hjartdal kommune. Hensikten med planen er å legge til rette for næring og industri.

Planområdet er på ca. 163 daa og av dette er ca. 83 daa avset til næringsområde i kommuneplanens arealdel. Resterande areal på ca. 80 daa, er LNFR-område i kommuneplanens arealdel. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav til konsekvensutredning med planprogram, da planen inneber næringsbygg på over 15 000 kvm.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren
Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar. For orden si skuld minner vi om at forslag som er i strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser, kan gi grunnlag for motsegn frå Statsforvaltaren.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar òg på vegne av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen er vidareført inntil vidare med Telemark fylkeskommune.

Vurderingar frå fagavdelingane til Statsforvaltaren

Generelt
Vi ser at planprogrammet tek opp relevante tema og er etter vårt syn eit godt utgangspunkt for vidare planarbeid. Vi vil likevel uttale oss om enkelte forhold som er viktig å ta omsyn til i planen.

Jordvern – varsel om nasjonal interesse
Det fylgjer av oversendinga at planarbeidet tek sikte på å regulere totalt 163 daa til nærings- og industriområde. Av dette er ca. 83 daa avset til næringsområde, medan 80 daa er avset til LNFR-føremål i kommuneplanens arealdel. Av desse 80 daa i LNFR-område, er ca. 63 daa registrert som dyrkbar jord i NIBIO si kartløysing. Det er positivt at jordvern er omtala i planprogrammet, og slik sett er eit forhold som skal vurderast nærmare i planarbeidet.

Statsforvaltaren varslar likevel at planarbeidet kjem i konflikt med nasjonale jordverninteresser som Statsforvaltaren er satt til å vareta. Jordvern omfattar både dyrka og dyrkbar jord og er ein nasjonal interesse, som har blitt styrka dei siste åra. Kor viktig jordvern har blitt, er understreka i ny nasjonal jordvernstrategi som ble vedtatt 26. mai 2023, og kor jordvernmålet er ytterlegare innskjerpa: innan 2030 skal det maksimalt omdisponerast 2000 dekar dyrka mark per år. Regjeringa forventar vidare at kommunane bidreg til å styrke jordvernet, jf. forventning nr. 68 i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.* I landbruks- og matministeren og kommunal- og distriktsministerens brev til kommunane av 29. januar 2024 *Matjord og arealplanlegging i kommunane* blir det mellom anna understreka at matjord må sjåast på som ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på for all framtid.

Statsforvaltarens landbruksavdeling påpeikar at varsla planområde gjeld store areal, og at varselet legg opp til ein arealbruk som ikkje er i tråd med overordna plan og dei vurderingar som ligg til grunn for den planen. I utgangspunktet burde arealbruken vurderast i samband med ei rullering av kommuneplanens arealdel. Samtidig vil vi understreke at det skal svært mykje til for å omdisponere dyrka og dyrkbar jord (noverande og framtidig jordbruksareal), og at vi førebels ikkje kan sjå ei grunngjeving som forsvarer den aktuelle omdisponeringa.

Vidare påpeikar landbruksavdelinga at når ein vurderer å omdisponere dyrka eller dyrkbar jord, skal det fyrst gjerast vurderingar knytt til gjenbruk, transformasjon og fortetting i gjeldande byggeområde, jf. SPR-BATP og ATP Telemark. Vi forventar såleis at kommunen gjer slik vurderingar, samt at ein vurderer alternative plasseringar i kommunen. Vi viser her til at arealet på ca. 83 daa som ligg inne som næringsområde i kommuneplanens arealdel fortrinnsvis burde vært utnytta før ein vurderer områder som er dyrka eller dyrkbar jord. Vi viser også til at det ligg næringsområde i kommuneplanens arealdel nord for varsla planområde, som heller ikkje er teke i bruk. Vi forventar at noverande areal blir utnytta og gitt ein effektiv arealbruk før ein vurderer å ta i bruk nye areal som er registrert som dyrka eller dyrkbar jord.

Kommunen må vidare synleggjere behovet og samfunnsnytten av arealbruken som blir foreslått. Dersom ein må omdisponere dyrka eller dyrkbar jord, må planforslaget avvege dei ulike interessene, og gi en god grunngiving for at jordvernet må vike. Ved ein løysning som eventuelt tek i bruk dyrka eller dyrkbar jord, må det bli lagt vekt på å begrense omdisponeringa av dyrka og dyrka jord til eit absolutt minimum.

Vidare vil vi påpeike at det i det vidare planarbeidet må komme klart fram kor mykje dyrkbar jord som vil bli omdisponert som følgje av planen, både totalt og fordelt på enkeltområder. I ein slik

oversikt må det og komme klart fram kva verdi areala som blir foreslått omdisponert har, mellom anna kvaliteten på den dyrkbare jorda og arronderingsforhold.

Vi ser også at det er registrert dyrkbar jord i omtrent heile området som ligg inne i kommuneplanens arealdel som næringsområde, slik det også kjem fram i planprogrammet. Vi har etter ei vurdering inga merknader til dette, ettersom desse areala allereie er avklart i overordna plan. Det blir likevel viktig i planarbeidet å avklare handsaming av eventuell matjord, samt sikre at det blir utarbeida ein matjordplan for området. Matjordplanen bør fylgje planforslaget på høyring og offentleg ettersyn.

Dersom planområdet blir redusert til det området som er avklara næringsområde i kommuneplanens arealdel, vil landbruksdirektøren ikkje ha motsegn til planen.

Naturmangfald

Vi kan ikkje sjå at det er registrert viktig naturmangfald innanfor varsla planområde, men ser at det er store areal i LNFR-område som skal regulerast. Det er gjort mange registreringar av naturtypar av nasjonal interesse i områda rundt (sjå Naturbase), noko som betyr at det kan vere potensiale for nasjonalt viktige naturverdiar også innanfor planområdet. Generelt kan vi seie at det er knytt betydelege naturverdiar til større elveutløp og elveavsetningar, slik som dette området er ein del av. Vi viser her til at det like utanfor planområdet mellom anna er registrert naturtypen open flommark med verdi viktig (Ørvella grusvifte), og at Heddølen er registrert som eit viktig bekkedrag, etter DN-handbok 13.

Det kjem fram av planprogrammet at området skal kartleggast etter NiN-metoden, og at ein etter dette skal vurdere om det er behov for å konsekvensutgreie naturmangfald. Vi forventar at NiN-kartlegging blir gjennomført, og at eventuelle naturverdiar av nasjonal og vesentleg regional interesse blir varetekne i det vidare planarbeidet. Kva dette omfattar, er gitt i punkt 3.6 i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*.

Det må sikrast tilstrekkelege buffersoner mot eventuelle viktige naturførekomstar. Mot naturtypar i skog bør det sikrast ei buffersone som minst svarer til høgda på utvaksne tre i området.

Geologisk naturmangfald

I NGUs database over geologisk arv kjem det fram at det er fleire område med viktige geologiske førekomstar i området rundt planområdet, inkludert like vest for planområdet. Det må i planarbeidet greiast ut om det er viktige geologiske førekomstar også innanfor planområdet, og eventuelle funn av geologiske førekomstar av internasjonal, nasjonal eller regional verdi må varetakast, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.6, underpunktet om geologisk naturmangfald.

Samfunnstryggleik

Kommunen har vurdert at planen utløyser krav til konsekvensutgreiing med planprogram. I planprogrammet kjem det fram at det skal utarbeidast ROS-analyse. Det kjem vidare fram at deler av planområdet er registrert som aktsemdområde for flaum, og at det er mogleg marin leire i området, og at dette skal utgreiast nærmare. I tillegg til aktsemdområde for flaum og kvikkleireskred, er det innanfor delar av planområdet registrert aktsemdområde for snøskred i NVE Atlas. Desse forholda må varetakast i planen.

Vi minner om at alle planar skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som fylgje av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Resultata frå ROS-analysen skal leggast til grunn for planforslaget. Område med risiko og sårbarheit skal merkast i planen som omsynssone. Utgreiing av farar og tiltak mot farar kan ikkje skyvast på til byggjesak, men må avklarast på plannivå.

Klimatilpassing

Det må gjennomgåande takast omsyn til forventa framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar, sjå *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning* (2018) og tilhøyrande rettleiar om klimatilpassing. Sjå også DSB sin temarettleiar *Klimahjelperen*, *Klimaprofil for Telemark* og NVE sitt faktaark 7/2018 *Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen*.

I klimaprofilen for Telemark blir det mellom anna førespegla eit auka sannsyn for intens korttidsnedbør og problem med overvatn, auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred som følgje av auka nedbørsmengder, fleire og større regnflaumar og auke i flaumvassføring i bekker og elvar. Dette vil stille større krav enn tidlegare til å planlegge for handtering av slike utfordringar.

Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og å ta vare på økosystem og arealer med betydning for klimatilpassing. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Forsvarleg overvasshandtering er særleg viktig i eit område der det blir planlagt mange nye, harde flater. Betydinga av intakt natur for klimatilpassing må vektleggast: våtmarker, myr, skog og grøntområde gir vern mot overvatn, flaum og skred. Å ta vare på, restaurere eller etablere naturbaserte løysingar må vurderast. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngivast kvifor naturbaserte løysingar er valde bort, jf. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning* (2018).

Klimagassutslepp og karbonrike areal

I nye *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* har regjeringa følgjande forventningar i punkt 48: "Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes." Dette må følgjast opp i den kommunale planlegginga. Omdisponering av karbonrike areal må unngåast så langt som mogleg, og klimakonsekvensane av planforslaget må synleggjerast.

Støy og luftkvalitet

Vi føreset at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) blir lagt til grunn for planarbeidet, og at omsynet til støy blir tilfredsstillande utgreidd og varetatt i samsvar med retningslinja. Etter det vi kan sjå er det bustadhus i nærleiken av det planlagde næringsområdet. Dersom planlagde tiltak medfører at eksisterande bustadformål eller andre støyømfintlege føremål blir utsette for støy, må det dokumenterast at støygrensene i retningslinja blir overhalden. Vi forventar at planforslaget inneheld ei støyfagleg utgreiing og at det blir gjort greie for nødvendige støyreduserande tiltak, jf. T-1442/2021. Vi føreset at støyforhold blir omtalte i planomtala og at eventuelle nødvendige avbøtande tiltak blir sikra i planføresegnene og teikna inn i plankartet. Støy i anleggsfasen må også varetakast.

Omsynet til luftkvalitet må også varetakast, vi viser til retningslinje T-1520, *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging.*

Vassdrag og vassmiljø

Vassdrag og vassmiljø blir eit viktig utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Vest for planområdet renn Ørvella (svært god økologisk tilstand), sør for planområdet renn Heddøla (dårleg økologisk

tilstand). I tillegg viser kartet at det er fleire bekker innanfor planområdet, med utløp i Heddøla. Konsekvensar for og varetaking av bekkene, og kva slags påverknad planen kan ha på dei større vassførekomstane, må greiast ut i planarbeidet.

Vi minner om vassforskrifta §§ 4 og 5, samt § 12, og måla sett i regional vassforvaltningsplan. Vassførekomstar skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at dei skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Det må unngåast at tiltak innanfor planområdet har negativ påverknad på tilstanden i vassførekomstane, til dømes gjennom avrenning, forureining, fysisk påverknad mm. Til dømes kan både næringsverksemd og anleggsarbeid medføre forureiningsmessige utfordringar som følgje av avrenning av forureina overflatevatn, partikkelutslepp og dessutan akutte utslepp ved uhell eller ulykke. Det må derfor gjerast vurderingar knytt til dette i reguleringsarbeidet.

I 100-metersbeltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Vi minner også om varetaking av kantvegetasjon langs vassdrag, jf. vassressurslova § 11. Rundt vassførekomstar bør det setjast av ei omsynssone i plankartet.

Hjartdøla/Heddøla er eit lakseførande vassdrag. Det er også registrert elvemusling (VU) og ei rekke fiskeartar her, mellom anna ål, som er sterkt trua. I planprogrammet er det også trekt fram at storaure frå Heddalsvatnet bruker Heddøla som gyte- og oppvekstelv. Dette er artar som er av nasjonal interesse, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.6, underpunktet om artar og viktige økologiske funksjonsområde for fisk og andre ferskvassorganismar. Negativ påverknad på desse artane og deira funksjonsområde må unngåast, og konsekvensar og eventuelle nødvendige avbøtande tiltak må konsekvensutgreiast og sikrast i planen.

Friluftsliv
Planområdet utgjer eit stort område, og det må kartleggast om det er viktige friluftsinteresser i området. I dette tilfellet er det bustader og gardar omkring planområdet. Plan- og bygningsloven § 3-1 fastslår at planlegginga skal legge til rette for gode bu- og oppvekstmiljø og framme helsa til befolkninga. Regjeringas handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029, *Sammen om aktive liv*, understrekar at fysisk aktivitet er ei nasjonal interesse som skal varetakast i samfunns- og arealplanlegging. I det vidare planarbeidet må det takast omsyn til friluftsinteressene i området. Eventuelle viktige stisamband må sikrast i planen.

Landskap
Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. plan- og bygningslova § 3-1 bokstav b. Vi legg til grunn at landskapsomsynet blir tillagt vekt i planarbeidet, og at det blir tatt sikte på å velje løysingar som i størst mogleg grad opprettheld det naturlege landskapet. Unødige terrenginngrep bør unngåast.

Med helsing

Astrid Lie Olsen
plansjef

Olav Malkomsen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE ADMINISTRASJON	Telemark fylkeskommune Sentralt fakturamottak Postboks 2844	3702	SKIEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATENS VEGVESEN LILLEHAMMER KONTORSTED	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
HJARTDAL KOMMUNE	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND